
Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Innspel til stortingsmelding om kvalitet i høgre utdanning frå Høgskulen i Sogn og Fjordane

Høgskulen vart i februar invitert til å kome med innspel til stortingsmelding om kvalitet i høgre utdanning. Vi sender vedlagt høgskulen sine synspunkt og innspel til den komande stortingsmeldinga.

Med helsing

Kari Thorsen (sign)
Avdelingsleiar

Vedlegg:
Kvalitet i høgre utdanning, innspel frå HiSF

Innspel til stortingsmeldinga om kvalitet i høgare utdanning frå Høgskulen i Sogn og Fjordane

Høgskulen i Sogn og Fjordane har saman med dei andre institusjonane i UH-sektoren fått invitasjon til å gje tilbakemelding på i alt 10 spørsmål knytt til korleis ein kan styrke høgare utdanning og gje studentane eit høgare læringsutbyte. Nedanfor fylgjer ei samla tilbakemelding på desse spørsmåla frå styret ved høgskulen.

1. Dei viktigaste utfordringane i styrets arbeid for å fremje høgare kvalitet i utdanninga

I høringsbrevet har statsråden lista opp fem ulike faktorar som er viktige for utdanningskvaliteten.

HiSF er samd i at desse faktorane er viktige for utdanningskvaliteten. Det ligg stor tolkingsmuligheit inn i kvar av faktorane, så ei tydelgare avklaring til kva ein legg i kvalitetsomgrepet meiner vi må til.

Vi saknar likevel ein tydelgare ambisjon om å ta i bruk heilskapen og det beste i det norske samfunnet. Noreg er framleis kjenneteikna av ein desentralisert struktur med relativt store variasjonar i økonomisk og samfunnsmessig organisering, verdsett og kultur - i tillegg til dei naturbaserte variasjonane. Vi meiner kvaliteten i høgare utdanning kan utviklast gjennom å ta i bruk mangfaldet i det norske samfunnet ved å leggje opp til større variasjon i struktur og organisering av høgare utdanning. I tillegg til å integrere større delar av det norske samfunnet i utviklinga av høgare utdanning, trur vi det vil utfordre studentane ved å kunne møte nye omgjevnader. Vi trur også at ein slik variasjon vil gjere norsk høgare utdanning meir attraktiv internasjonalt.

Det kan også vere grunn til å vurdere om studentmedverknad bør tydeleggjerast i eit eige punkt. Utdanningskvalitet handlar om å gjere studentane motiverte til å investere tid og krefter i studiane, og dette lukkast vi fyrst med gjennom tett kontakt med studentane og sikring av stor medverknad. Ved HiSF søker vi å ha studentane med i flest moglege samanhengar og å gjere dei til medeigarar i utviklinga av høgskulen. Som eksempel kan vi nemne at vi frå hausten 2015 har innført som fast ordning at leiar av Studentparlamentet deltek i høgskulen si øvste leiargruppe.

2. Styret si oppfylgning av at fagmiljøa har høge ambisjonar på studentane sine vegne, og oppfylgning av fagmiljø med dårlege resultat

HiSF vil trekke fram betydninga av eit vel fungerande institusjonelt kvalitetssystem for å sikre kvalitet i utdanning og forskning. Kvalitetssikring av HiSF sine utdanningar skjer gjennom prosessar knytt til både planlegging, gjennomføring, vurdering og utvikling. Styret føl opp kvalitetsutvikling av studieprogram, studium og støttetjenester gjennom årleg rapport om utdanningskvalitet. Rapport om utdanningskvalitet vert vidare følgt opp gjennom årleg budsjettvedtak og revisjon av Strategi- og handlingsplan for utdanning.

3. Korleis fremje kvalitet gjennom samarbeid med andre, gjennom tettare alliansar med utanlandske miljø og å integrere utdanning betre i det internasjonale samarbeidet

Høgskulen i Sogn og Fjordane har tradisjonelt basert internasjonalisering på utveksling av studentar på bachelornivå, og samarbeid med andre institusjonar/fagpersonar nasjonalt og internasjonalt har teke utgangspunkt i avgrensa prosjekt eller utdanningar og i avgrensa fagmiljø. Men høgskulen har også gode erfaringar med å skreddarsy tilbod for internasjonale studentar som ynskjer å lære noko anna enn dei kan få på eigen institusjon. Her har nøkkelen til suksess for vår del vore å nytte lokale fordelar, både i form av sterke fagmiljø og særpreg i natur og kultur. Semesterprogrammet «From Mountain To Fjord» har vore ein suksess. For tida byggjer vi likande tilbod innan friluftsliv, og vi har potensiale for å gjere dette på fleire område. Slike tilbod fører til eit stort internasjonalt nettverk og mulegheiter for utveksling også for eigne bachelorstudentar, i tillegg til utvikling av framtidige tilbod.

Høgskulen ser det vidare som viktig for det internasjonale samarbeidet at det etablerast samarbeid med institusjonar der vi har felles utdannings- og forskningsinteresser. Til dømes er høgskulen si nye masterutdanning «Climate Change Management» eit program som ikkje vert gjeve ved andre norske institusjonar, og ei naturleg følgje av dette er at fagmiljøet utviklar forskings- og utdannings-samarbeid med internasjonale institusjonar med tilsvarende portefølje.

4. Viktigaste strategiske grep for å sikre god relevans og ei framtidsretta høgare utdanning som førebur studentane på eit arbeidsliv i kontinuerleg omstilling

Eit viktig strategisk grep ved Høgskulen i Sogn og Fjordane er å ha ein målretta innsats knytt til samarbeid med arbeidslivet lokalt og regionalt. Det er likevel ikkje nok å ha tett kontakt med arbeidslivet. Som utdanningsinstitusjon må ein vere i forkant at utviklinga og bidra til at studentane får dei reiskapane dei treng som endringsaktørar. Eit viktig grep er dermed å utfordre studentane til å fornye heller enn å forvalte kunnskap. Det må i større grad leggjast opp til undervisningsmetodar der studentane lærer å kritisk vurdere og reflektere over kunnskap, erfaringar og handlingar. I tillegg er det viktig å vektlegge generisk kompetanse eller ferdigheiter, som evna til å planlegge, prioritere, argumentere og samarbeide. Ein kan nytte arbeidslivet til å gje studentane mulegheiter til å utarbeide forslag til nyskaping, fornying og forbetring, og her kan ein tenkje utover dei utdanningane som tradisjonelt har hatt praksis som ein sentral del av utdanningane.

HiSF meiner at det faglige samarbeidet mellom høgare utdanning og arbeidslivet kan styrkast, og at det bør utviklast betre høve for mobilitet mellom academia og arbeidslivet, til dømes gjennom delte stillingar. Ordningane med offentleg sektor phd og nærings-phd bør vidareutviklast.

5. Viktigaste tiltak for å auke gjennomføring og redusere fråfallet i høgare utdanning

Viktigaste tiltak er å styrke dei grunnleggjande føresetnadene for undervisning og læring, forholdet mellom student og lærar. Med dette meinast at ein strevar mot at både fagleg og administrativ kompetanse og leiing er konsentrert om å skape godt studie- og læringsmiljø. Det at studentane har opplevinga av å bli sett og høyr, i tillegg til at dei får tett fagleg oppfølging er svært viktig for gjennomføringa.

Våre røymsler tilseier at storleik og organisering er viktig for gjennomføring og fråfall. Når vår og ein god del andre mindre institusjonar har langt betre resultat enn dei fleste store institusjonane på gjennomføring og tilfredsheit i studentundersøkingar, er dette ikkje tilfeldig. Ein struktur der det også blir gitt plass for mindre einingar i høgare utdanning er gunstig for gode resultat på gjennomføring.

Mindre studiemiljø gir også betre vilkår for å setje standard og forventningar til studentane. Dei gir på mange område betre vilkår for integrering og engasjement i ein akademisk fellesskap.

Også i denne samanhengen er det viktig med tett kontakt og studentmedverknad i flest mogelege samanhengar. Vår høgskule arrangerer mellom anna ein årleg «Tett-på-konferanse» som eit samarbeid mellom Læringsmiljøutvalet, Studentparlamentet og høgskulen. Konferansen er ein møteplass der høgskuleleiinga og utdanningsleiarane møter studenttillitsvalde. Utdanningskvalitet og læringsmiljø står i sentrum, og leiarar og studentar møtest på tvers av fag og utdanningar. Konferansen er med å byggje ein felles læringskultur der det vert lagt stor vekt på at eit godt læringsmiljø er eit felles ansvar der både studentar og tilsette har roller å spele.

HiSF vil også trekke fram at den breie definisjonen av generell studiekompetanse gjer at vi får ei studentgruppe med ganske store ulikheiter i faglege føresetnadar. Dette gjev store utfordringar for både studentar og lærarar og kan også påverke studentgjennomføringa. Eit konkret eksempel er utfordringane dei ulike matematikk-kunnskapane studentane ved økonomi- og administrasjonsutdanningane har ved studiestart. Vi har løyst dette med forkurs, men dette gjev igjen utfordringar for studentar som ikkje tar imot dette tilbodet eller som kjem inn via ledige studieplassar og såleis er for seint ute til å kunne delta.

Det forholdet at nær 50% av årskulla no går inn i høgere utdanning aukar behovet for variasjon og tilpassing i høgere utdanning. Høgere utdanning kan ikkje leggjast opp utelukkande med tanke på dei som har 5+ frå vidaregåande skule. Våre røynslar talar for at det er mange som ikkje har fått vist fram potensialet sitt i vidaregåande skule. For at dei skal lukkast i høgere utdanning krev det variasjon i læringsformer, tett oppfølging og kjensla av å bli sett.

Høgskulen vil elles peike på at det er naturleg med eit visst fråfall med bakgrunn i den store delen av ungdomsgruppa som no tek høgere utdanning. Vi har og lagt til rette for at det kan vere mogleg å ta årsstudium for å prøve ut eit fagområde før ein eventuelt søkjer overgang til eit bachelorprogram som byggjer vidare på eit årsstudium. Høg gjennomstrøyming er eit mål, men institusjonane må ha høve til å legge til rette for at dei som skal starte ei utdanning også kan ha behov for ei litt breiare orientering før dei tek inn på ein meir bevisst studieretning.

Vi viser elles til punkt 7 og konkrete eksempel på tiltak i bachelor i sjukepleie heiltid.

6. Tiltak for å styrke undervisningskompetanse til tilsette, og vektlegging av utdanning ved rekruttering og merittering av fagpersonale

HiSF krev at alle lærarar skal ha minst 15 studiepoeng pedagogisk basiskompetanse innan tre år, viss dei manglar slik kompetanse ved tilsetjing. Det er utvikla fire 5 studiepoengs emne innan høgskulepedagogikk som er tilpassa strategisk pedagogisk satsing. Emna omhandlar undervisning i klasserommet, rettleiing på tekst, kommunikasjon og møte med studenten. Det nyaste emnet er knytt til satsing på digital kompetanse. Høgskulen tilbyr eitt slikt emne kvart semester.

I tillegg til dei nytilsette, vert emna etter kapasitet opne for andre med behov for oppdatering av pedagogisk oppdatering. Høgskulen har i tillegg eit kort introduksjonsprogram for nye tilsette. Høgskulen har i mange år løfta fram den gode undervisar gjennom tildeling av ein årleg Utdanningspris som alternerer med FoU-prisen. Dette er tiltak som er med å synleggjere verdien av god undervisning og verdsetje enkeltpersonar eller fagmiljø som gjer ein innsats ut over det ein kan forvente.

Eit sentralt tiltak for å styrke undervisningskompetansen er at utdanningskvalitet i større grad vert løfta opp som eit felles ansvar. Mykje kan tyde på at undervisningspraksisen har fått utvikle seg til å bli for individuell. Utdanningsleiingar må difor jobbe systematisk for å leggja til rette gode fellesarenaer for utvikling av god undervisning. Vidare må utvikling av utdanningskompetansen gjerast meritterande for alle fagstillingar og bli ein del av karrierevegen i akademien. Ved tilsetjing i undervisnings- og forskarstillingar må pedagogisk kompetanse, formidlingsevne og motivasjon bli vektlagt i tillegg til fag- og forskingskompetanse.

Utdanning og forskning må i større grad sjåast i samanheng. Innføringa av teljekantsystemet der institusjonar og fagmiljø blir målt og vurdert utifrå tal vitskaplege publikasjonar, har utfordra fokuset på utdanningskvalitet. Ei meritteringsordning for undervisning jf. framlegget frå UiT og NTNU kan vere ein veg, men ein må i den samanhengen også sikre kvalifiseringsvegen til førstelektor og dosentar. No verkar det svært usikkert korleis KD vil nytte førstelektor- og dosentar sin breiddekompetanse. Vi ser desse stillingskategoriane som vesentlege for utdanningskvaliteten og ei viktig brikke for å kunne tilby femårige løp til særskilt lærar-, helse- og sosialutdanningar.

7. Eksempel på utdanningstilbod med særleg god kvalitet eller gode resultat: Bachelor i sjukepleie, heiltid, ved Avdeling for helsefag (AHF)

Denne utdanninga har ved fleire høve vore rangert som ein av dei fem beste på NOKUT's studiebarometer for høgare utdanning. Utdanninga scorar høgt på både studiemiljø og fagleg kvalitet. Utdanninga har også fått gode tilbakemeldingar i HiSF sine kandidatundersøkingar, der kandidatar svarar på spørsmål om kvaliteten i utdanninga eit halvt år etter uteksaminering.

Sjukepleieutdanninga kan også vise til god gjennomstrøyming i studiet. Utdanninga har hatt ein auke frå 86,44 % av planlagde studiepoeng som vart gjennomførde i 2012 til 92,64 % i 2015. Når det gjeld karaktarsnitt så fylgjer det stort sett normalfordelinga med C som den mest brukte karakteren. Eksterne sensorar vert nytta på alle eksamenar/sluttvurdering.

Dei viktigaste faktorane som kan forklare dei gode resultatane er målretta satsing på pedagogisk utviklingsarbeid, samarbeid med arbeidslivet om studentane sine praksisstudier, system for studentmedverknad, og kompetansetiltak for lærarar og praksisretteljarar. Nedanfor blir desse områda nærare utdjupe med eksempel:

Pedagogisk utviklingsarbeid

Som ledd i HiSF sin strategi vektlegg avdelinga å utvikle studentaktiv læring og ulike metodar og hjelpemiddel for å styrke denne, til dømes digitale verktøy og digital kommunikasjon som ledd i læring. Praksis som læringsarena er også eit viktig område for pedagogisk utvikling, og aktuelle prosjekt er ulike modellar for tverrprofesjonell samarbeidslæring (TPS) og rettleiing i praksis.

Eit døme på arbeid med studentaktive arbeidsformer kan hentast frå undervisning i naturvitskaplege fag der tradisjonelle forelesingar er bytta ut med *flipped classroom*. Studentane styrer gjennomgang av eit studiehefte med oppgåver utan fasitsvar. Faglærar er med som ein tilhøyrar/moderator og kan hjelpe å utdjupe svar på problemstillingar ved behov. Det siste året har faglærarane også i aukande grad teke til å lage animasjonar og videoar som vert lagt tilgjengeleg i Fronter for studentane i forkant av undervisning. På den måten vert studentane betre i stand til å delta aktivt i undervisninga. Det må også trekkast fram at det er utvikla eit samarbeid mellom faglærarar i naturvitskaplege fag og faglærarar frå emnet grunnleggjande sjukepleie med felles integreringsøvingar på sjukepleiesenteret

der ein tek opp tema som hygiene og respirasjon/sirkulasjon¹. Her får studentane øve seg i praktiske prosedyrar samstundes som dei gjennomgår teorien knytt til tema.

To av faglærarane i naturvitskaplege fag har ved ulike anledningar vunne institusjonens studentpris som beste forelesar. I tillegg har ein faglærer motteke institusjonen sin årlege utdanningspris. Ein av faglærarane har også delteke i den nasjonale arbeidsgruppa som har utarbeida pilot til nasjonal deleksamen i anatomi, fysiologi og biokjemi.

Samarbeid med praksisfeltet

Avdeling for helsefag legg opp til at lærar skal vere ein ressurs for praksisrettleiingar og vere til stades i studentane sin praksis. I sjukehuspraksis er samarbeidet mellom lærar og avdeling heilt sentralt og ein viktig suksessfaktor. Her er det også viktig å trekke fram samarbeid på administrativt nivå då både helse Førde og høgskulen har eigne tilsette som har som del av sitt arbeidsområde å organisere og legge til rette for studentane sine praksisperiodar, til dømes gjennom årlege samarbeidsavtaler om antal studentar i dei ulike avdelingane. I tillegg har ein oppretta eit **samarbeidsorgan for leiinga** ved høgskulen og helse Førde. Aktuelle saker i samarbeidsorganet som kan knytast til kvalitetssikring av praksisstudier er til dømes utveksling av personale, kombinerte stillingar, system for oppfylging ved uheldige hendingar der studentar er involvert, lærarrolla i praksis samt tiltak for å heve rettleiingskompetansen.

Fleire fagtilsette ved avdeling for helsefag har **kombinerte stillingar** der dei har delar av stillinga si i spesialisthelsetenesta eller i ein kommune. Desse lærarane bidreg som viktige brubyggjarar mellom høgskule og praksisfelt, og dei tilfører ein viktig kompetanse som studentane kan gjere seg nytte av på ulike læringsarenaer. Det blir for tida arbeid med å legge forholda betre til rette for både for kombinerte stillingar og timelærarar. I samarbeidsavtale med Helse Førde er det til dømes nedfelt at tilsette i begge organisasjonar skal ha mulighet til å få permisjon inntil eitt år med høve til forlenging for å arbeide i helseforetaket/høgskulen.

Ein viktig del av samarbeidet med praksisfeltet er knytt til å styrke overgangar mellom studentane sine ulike læringsarenaer. Eitt døme kan hentast frå **ferdigheitslæring i sjukepleiesenteret**, der sjukepleiarar frå ulike praksisplassar der studentar skal utplasserast i sin første praksisperiode deltek som sensorar ved praktisk test. Dette starta som eit samarbeidsprosjekt basert på samarbeidsmidlar og har vidare blitt implementert i studiet.

Samarbeidsmidlane er viktige verkemiddel i satsinga på utviklingsarbeid knytt til studentane sine praksisstudiar. Høgskulen inviterer tilsette i helseforetak og kommunar til å søkje på midlane saman med tilsette i høgskulen² Kriterier for tildeling er at det skal vere prosjekt som er forankra både i kommune/helseforetak og i høgskulen og som skal kome studenten til gode i form av styrking av læringsmiljø og læringsmuligheiter. Av døme kan nemnast prosjekt knytt til å utvikle poliklinikken som ein kvalitativ god læringsarena for studentane. Eit anna døme som har utspring i samarbeidsmidlar er at studentar i 6.semester får tilbod om ein seks veker lang praksisperiode ved Førde Helsetun der dei skal lære om heilskapleg demensomsorg og pasientforløp³. Studentane får

¹ Kyte, L og Sjørnsen, I (2012) Integrert veiledning i fagområdene grunnleggjende sykepleie og naturvitenskaplege fag i sykepleierutdanningen, Notat i HSF skriftserie, N-NR 1/2012
https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/149485/HiSF_Notat_2012_1.pdf?sequence=1&isAllowed=y

² <https://hisf.no/nn/s%C3%A5rbar-kommunikasjon-i-h%C3%B8gt-tempo#.VyMFI9OK8g>

³ Kyrkjebø, D og Strandos, M (2015) Heilskapleg demensomsorg. *Geriatrisk sykepleie* nr. 1 2015, årgang 7, s. 13 – 16. https://sykepleien.no/sites/sykepleien.no/files/gs_0115.pdf

innsikt i eit variert tenestetilbod til personar med demens gjennom praksis ved skjerma eining og hospitering i heimesjukepleie, demensteam, dagaktivitetssenter, og ved kommunen sitt tildelingskontor. Kunnskap om heile sjukdomsforløpet, behov for differensierte tenester og korleis dette fungerer i kommunen i dag skal vere med på å setje studentane i stand til å kunne sjå det heilskaplege biletet av demensomsorga. Studentane har evaluert tilbodet svært godt og meiner at dei har tileigna seg kunnskap dei ikkje ville fått gjennom ein ordinær praksis med fokus berre på avdelinga der dei er stasjonerte.

Avdelinga ser det også som viktig å utvikle metodar for **studentaktiv forskning** på bachelornivå. Som ledd i avdelinga sin forskingsstrategi knytt til kvalitet i eldreomsorga har ein nyleg starta opp eit forskingsprosjekt i sjukeheimar der ein involverer førsteårsstudentane i deira praksisperiodar⁴. Tema i prosjektet er knytt til kartlegging av pasientane sine ADL-funksjonar. På denne måten kombinerast forskingsbasert undervisning og studentaktiv forskning med læring i pasientnære situasjonar.

Studentmedverknad

Eit viktig ledd i dei gode resultatane for sjukepleieutdanninga spesielt og i høgskulen generelt er knytt til at studentane blir involvert i utvikling og forbetring av utdanningane. Det å vere tilgjengeleg og ha ein god dialog med studentane ser faglærarane på som svært viktig. Gjennom evalueringar og i fagutval/emneutval i løpet av studiet har studentane høve til å trekke fram kva som ikkje fungerer optimalt og kome med forslag til forbetringar. I programevalueringar på slutten av sjukepleieutdanninga vert det framheva at behov for endringar blir fylgt opp og at studentane opplever å bli høyrte.

Kompetansetiltak

HiSF har i mange år tilbydd 15 studiepoeng vidareutdanning i rettleiing. Dette er ei tverrfagleg utdanning der ei viktig målgruppe er praksisrettleiarar. Det vert også arrangert årlege dagskurs for sjukepleiarar som er praksisrettleiarar for sjukepleiestudentane.

Fleire av dei tilsette ved avdeling for helsefag arbeider med å kvalifisere seg til førstekompetanse. Slik vi ser det så har kvalifisering til førsteamanuensis og førstelektor utvikla seg mykje i same retning når det gjeld krav til vitenskapleg arbeid. Det er svært viktig å auke forskingskompetansen, men det er samtidig naudsynt å halde ved like og styrke undervisningskompetansen og pedagogisk utviklingsarbeid. I sjukepleieutdanninga som i andre profesjonsutdanningar er det eit mangfold av læringsarenaer og læringsmuligheiter. Det å få anledning til å utvikle gode undervisningsmodellar i samarbeid med studentane og å konsentrere seg om utvikling og forskning knytt til utdanning bør få sterkare uttjeljing i framtidige kompetanseløp.

8. Viktigaste nasjonale utfordringar for å løfte kvaliteten i norsk høgare utdanning

HiSF meiner at det viktigaste tiltaket ein kan gjere for å styrke utdanningskvaliteten er å utvikle ordningar som stimulerer til å styrke samspelet mellom utdanning og forskning.

Etter Kvalitetsreforma har vi sett ei utvikling der institusjonane innan høgre utdanning blir meir like. Utviklinga har mellom anna kome til uttrykk ved at institusjonane i stor grad satsar på dei same områda, særleg på utdanning i andre og tredje syklus, master- og PhD-utdanning, for å oppnå status

⁴ <https://www.hisf.no/nn/sjukepleiestudenten-forskar-i-sjukeheim—kartlegging-av-adl-hjå-bebuarar-i-sjukeheim>

som universitet. Strukturreforma vil truleg gje ei ytterlegare styrking av denne konkurransen i og med at institusjonane får større autonomi gjennom eigne fullmakter til å opprette nye studium.

Større institusjonar vil stå sterkare rusta når det gjeld å kunne tilby alle tre utdanningsløpa, og dette krev ei bevisstgjerding kring kva kvalitetskriterium som skal gjelde. Utfordringa er å hindre at kvalitet i utdanninga vert skadelidande som følgje av konkurranse mellom utdanningsinstitusjonar, og at ein misser variasjonen mellom institusjonane. Det er til dømes ei utfordring å halde oppe sentrale profesjonsutdanningar som nokolunde nasjonalt einskaplege i dei nye autonome utdanningsinstitusjonane som samstundes skal utvikle eit særpreg på fag og forskning. Og det er ei endå større utfordring å utvikle spesialutdanningar på masternivå sidan PhD-nivået framleis er mangelfullt. Dette gjeld for dei helse- og sosialfaglege utdanningane så vel som lærarutdanninga, sjølv om sistnemnde har kome lenger i utviklinga. For å løfte kvaliteten i norsk høgare utdanning også etter strukturreforma er det med dette viktig å halde oppe SAK-prosessar mellom dei nye og autonome utdanningsinstitusjonane.

Relasjonen mellom utdanningsinstitusjon og relevante læringsarenaer utanfor institusjonane meiner vi må stå sentralt framover. Dette gjeld ikkje berre profesjonsutdanningane. Studenten si oppleving av kvalitet vert sterkt påverka av om utdanningsløpet vert oppfatta som relevant og meningsfullt. Det krev at vi oppfattar utdanningsinstitusjonen til å bestå av meir enn våre eigne fagtilsette. Vi må sikre kvalitet i bedrifter og praksisverksemdar gjennom å vurdere og kvalifisere dei tilsette som studentane møter i praksis og andre opphald i verksemdar, slik ein til dømes gjer gjennom kompetansekrava vi set for praksislærarar i høgskulebarnehagane.

9. Synspunkt på korleis departementets styring og verkemiddel kan utviklast for å stimulere til kvalitet

Sektoren har eit stort behov for å utvikle PhD-program (jfr punkt 8), samstundes som fleire fagmiljø slit med å oppretthalde kompetansebehovet på grunn av generasjonsskifte i lærarstaben. Ein måte å imøtekomme behovet er å tildele fleire stipendiatstillingar.

Vi har før vore inne på behovet for å utvikle ein kompetansestige mot førstestilling som ivaretek undervisningserfaring og pedagogisk utvikling.

10. Behov for justeringar i nasjonale rammevilkår for å legge betre til rette for kvalitetsutvikling i høgare utdanning

HiSF ser behov for eit finansieringssystem som i større grad stimulerer til arbeid med utdanningskvalitet. Stykkprisfinansieringa med kandidatproduksjon legg meir vekt på kvantitet enn kvalitet. Finansieringssystemet bør også leggje meir vekt på styrking av utdanningskvalitet gjennom internasjonalisering.

For utdanningar med nasjonale rammer bør rammeplanar forenklast, men samstundes bør ein finne andre verkemiddel for å sikre einskapleg utdanning der det er behov.

Det er forventa at undervisningsformene framover vert sterkt påverka av teknologiutviklinga, og det er naudsynt med ei nasjonal satsing for å utvikle, bruke og forske på slike endringar, til beste for studentane og dei framtidige yrkesutøvarane.

Det er også behov for å sikre tilfredsstillande rammer for å sette i verk tiltak for å heve kvaliteten i praksisstudier i helse- og sosialfaglege utdanningar (jfr UHR-rapport om kvalitet i praksisstudier vår 2016).

Å styrke studiestøtta med sikte på at fleire kan studere på heiltid meiner vi og er eit viktig nasjonalt tiltak.